

EIDESKÅR

Høgdemeter over havet: 550 m

Lengde: ca.2 km

Tid: ca 1,5-2 timar ein veg

Gradering: Tung tur

Vegskildring:Følg riksveg 7 frå Granvin mot Folkedal ca 2 km. Etter den 200 meter lange strekninga med berre ein kjørebane er det ei grind på høgre side. Her er det plass til ein eller to bilar. Det er plass til fleire bilar på ein møteplass før denne strekninga.Turen startar her ved husmannsplassen Stavaness. Følg raudmerka sti oppover. Stien kroker seg oppover lia, forbi Svedna, Kvile, Einarskår og Gamlekroken. Det er bratt, trangt og smalt oppover. Du kjem til fleire merkeplassar. På toppen er det ei lita hytte som er sjølvstølen kor turkassa heng på den vetle utedoen. Frå Eideskår er det utsikt til andre sida av Granvinsfjorden, Oksen, Seljenuten og Bjørndalen.

I stadenfor å gå ned same vegen kan ein leggje turen innom Hedler og Bakkane. Då følgjer ein steingjerdet som er lågare enn stølshuset, i retning mot fjordspennet. Når ein står med ryggen mot inngangsdøra går ein ikkje opp den lille bakken som er rett fram, men tek til venstre. Her er det og merka med raudt og det står skilt til Hedler. Følg merkinga mot fjordspennet og du går under kraftlinjene når du er oppe på flaten. Då går stien noko bortover før den svingar seg nedover og du har den store , lange helleren på høgre side. Du finn her nye skilt som syner kor vegen kjem opp frå Bakkane. Det er ein siste bratt oppoverbakke før Hedler og du passerar dei gamle tuftene før du går til hytta til Aud der turkassa heng på baksida.

For å komme til Bakkane returnerar du på same stien og følg merking gjennom lauvskogen og seinare granskogen. Frå Bakkane følgjer stien steingjerdet og går vidare på skrå til den møter stien frå Stavaness.

GOD TUR!

Turtips 1: Gå heile runden til Eideskår, vidare til Hedler og ned til Bakkane før Haukaness eller Stavaness. Eller motsett veg. Begge vegar er like bratte, men det går fint å gå ein runde her! Turen tek då ca 3-4 t.

Turtips 2: Gå til Steinsete og/eller Steinsetehorga- ikkje merka!

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: www.granvin-turlag.no